

## **STYRESAK**

**GÅR TIL:** Styremedlemmer

**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 15.09.2020

**SAKSHANDSAMAR:** Veslemøy Hagalid Haug m. fleire

**SAKA GJELD:** Rapportering frå verksemda per august 2020

**ARKIVSAK:** 2020/101

**STYRESAK:** 107/20

**STYREMØTE:** 28.09.2020

---

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Styret tek rapporteringa frå verksemda per 31. august 2020 til etterretning.

## 1. Kva saka gjeld

Rapporten presenterer rapportering frå verksemda per 31. august 2020.

Format på saka er endra, og er no meir i tråd med det nye formatet som blir nytta i andre RHF. Det vil bli gjort tilpassingar i tråd med styret sin tilbakemelding i møtet.

## 2. Hovudpunkt og vurdering av handlingsalternativ

### Målekort august

	Målekort Helse Vest - august 2020	Nasjonale mål	Denne periode		Hittil i år		Mål oppnåelse
			Faktisk	Mål HV	Mål oppnåelse	Faktisk	
Kvalitet	Ventetid - somatikk	60	72	53		63	53
	Ventetid - VOP	45	43	40		41	40
	Ventetid - BUP	40	48	35		40	35
	Ventetid - TSB	35	32	30		30	30
	Andel kontakter passert planlagt tid					11 %	
	Pakkeforløp kreft - andel behandlet innen standard forløpstid - alle behandlingsformer			69 %		72 %	
	Korridorpasienter somatikk	1,60 %	0		1,35 %	0	
Aktivitet:			Tall i fior		Endring mot fjoråret		
Somatikk	Døgnopphold	12 317	13 221	-6,8 %	99 513	110 083	-9,6 %
	Dagopphold	4 625	4 724	-2,1 %	36 924	42 444	-13,0 %
	Poliklinikk	95 307	95 816	-0,5 %	756 016	798 299	-5,3 %
Psykiatri	Døgnopphold	700	734	-4,6 %	6 197	6 350	-2,4 %
	Dagopphold	124	144	-13,9 %	1 124	966	16,4 %
	Poliklinikk	32 446	34 260	-5,3 %	293 710	306 724	-4,2 %
TSB	Døgnopphold (eksl. private)	124	95	30,5 %	1 037	768	35,0 %
	Dagopphold	3	4	-25,0 %	24	19	26,3 %
	Poliklinikk	7 903	8 565	-7,7 %	73 073	67 576	8,1 %
Bemannning	Brutto månedsvek	24 572	23 752	3,5 %	24 048	23 262	3,4 %
	Sykefravær (forrige måned)	5,5 %	7,0 %	5,5 %		7,5 %	5,5 %
Økonomi	Resultat	59 257	43 135	16 123	150 047	421 870	-271 824

Avvisningsrater	Denne periode		Hittil i år		Mål oppnåelse
	Faktisk	Mål	Mål oppnåelse	Faktisk	
Andel avvisningsrater ved poliklinikkene - BUP	11,8 %			15,6 %	
Andel avvisningsrater ved poliklinikkene - VOP	12,0 %			11,8 %	

### Koronapandemien

Spesialisthelsetenesta på Vestlandet har i juni og juli arbeidd med å normalisere drifta innan dei rammer koronapandemien har tillatt. Det har vore behov for smitteverntiltak og auka beredskap, samtidig som det har vore eit mål at tilsette skulle få avvikla ferie. Tiltak for å hindre at smitte kjem inn i sjukehusa utløyser eit betydeleg meirarbeid i den daglege drifta, og for tilbod til pasientar som ikkje har Covid-19. Dette påvirkar fristbrot, ventetider og «andel kontakter passert

planlagt tid». Påverknaden på somatisk aktivitet har naturleg vore større enn innanfor psykisk helse og rusfeltet, men også her er påverknaden betydeleg på den daglege drifta.

Dei fire RHF-a har under leiing av Helse Nord gjennomført store delar av ein omfattande gjennomgang av dei endringar som har skjedd når det gjeld pasienttilstrøyming, inkludert akutt hjelpe. Vidare analyserer dei korleis alle aktivitetar har blitt påverka, og korleis dei har endra seg i løpet av vår og sommar. Resultata viser førebels ein vesentleg opphenting av normal aktivitet gjennom sommaren. Styret vil bli informert nærmere når ferdige og kvalitetssikra data ligg føre.

Tendensane til fleire og større lokale smitteutbrot ein har sett i dei siste vekene, gjer at ein framleis må rekna med stor påverknad på sjukehusa sin kapasitet for andre tilstandar enn Covid-19 utover hausten. Dette gjeld og laboratorieområdet, jf. den store auken i testkapasitet som er i ferd med å bli gjennomført.

## Ventetider og fristbrot

Gjennomsnittleg ventetid for behandling starta for alle fagområde i august var 70 dagar, noko som er 2 dagar høgare enn for eit år sidan. Historisk er ventetidene i august høge, grunna lågare elektiv aktivitet gjennom sommaren. Det pågår eit ommfattande arbeid med fagleg prioritering og vurdering av dei pasientkontaktene som blei utsett våren 2020. Helseføretaka har iverksett fleire tiltak for å handtere pasientar på venteliste, inkludert for pasientar som allereie er i eit forløp (vidare kontroll og oppfølging eller planlagt elektiv aktivitet).

Innan somatikken var ventetida 72 dagar i august, og dette er 2 dagar høgare enn i 2019. Ingen av dei fire helseføretaka hadde ei ventetid som var lågare enn det regionale målet på 53 dagar.

Innan psykisk helsevern for vaksne (PHV) var ventetida 43,4 dagar i gjennomsnitt i august. Dette er heile 10 dagar lågare enn i 2019, og rett over det regionale kravet på 40 dagar. Helse Fonna HF og Helse Førde HF hadde ei ventetid på 40 dagar eller lågare.

Innan psykisk helsevern for barn og unge (BUP) var ventetidene i august 47,8 dagar, noko som er høgare enn målet om 35 dagar. Ingen av helseføretaka klarte denne målsettinga. Den polikliniske aktiviteten innan BUP var 3,9 % høgare enn same periode førre år.

Innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) var ventetida i august 32 dagar, noko som er rett over målet på 30 dagar. Med unntak av Helse Stavanger HF (31 dagar), ligg alle helseføretaka under målet på 30 dagar. Det er dei private tilbyderane på anbodsavtale som dreg opp den gjennomsnittlege ventetida i regionen.

Prosentdelen fristbrot for dei som har fått starta helsehjelpa har auka gradvis frå 2,3 % i februar til 12,0 % i mai. Prosentdelen sank til 9,1 % i juli for så å stige til 10,5 % i august. Det

var stor variasjon i prosentdelen fristbrot mellom helseføretaka. Den største auka i fristbrot er innan somatikken.

Pasientbestemte utsettingar og medisinsk begrunna utsettingar blir ikkje registrert som fristbrot. I dei tilfella der helseføretaka utsett utgreiing og behandling på grunn av kapasitet/prioritering/beredskapsarbeid, blir dette registrert som fristbrot dersom fristdato er overskriden.

### **Pakkeforløp kreft**

Samla hadde Helse Vest gode resultat for juli månad med ei måloppnåing på 78% for indikatoren som viser tid frå tilvising er mottatt til start av behandling. Dette var i tråd med krava. I perioden januar – juli hadde Helse Vest ei måloppnåing på 73%. Dette var betre enn same periode i fjor.

For august månad er det funne feil i datagrunnlaget som er overført til Helsedirektoratet. Publiserte resultat kan difor ikkje bli samanlikna med tidlegare rapportar, og blir difor ikkje lagt fram denne gongen. Feilen har og effekt på tidlegare tal. Det blir arbeidd med å rette dette opp, og resultat vil blir lagt fram i neste månads rapport frå verksemda.

Helse Vest har hatt ein positiv utvikling i måloppnåing for pakkeforløpa i løpet av 2020 når ein ser samla på resultata. Det er likevel stor variasjon i måloppnåing mellom forløpa og mellom føretaka, og vi veit ikkje om dette er ei varig og stabil endring enda. Dette omfattar også forløpa med mange pasientar som til dømes tjukk- og endetarmskreft, samt lunge- og brystkreft.

For å sikre stabil og varig forbetring set Helse Vest no i gang eit eige forbettingsarbeid knytt til pakkeforløp for kreft. Her vil vi nytte forbettingsmetodikken som og blir nytta i arbeidet med kvalitet og pasientsikkerheit. Det blir etablert eigne forbetingsteam i helseføretaka og i Helse Vest RHF, samt eit regionalt team med gjennomgåande representasjon. Det blir lagt vekt både på betring av forløp som krysser forløpsgrensene, og læring på tvers av føretaka for andre forløp. I tillegg blir det arbeidd med å legge til rette for betre oppfølging som stimulerer til forbeting frå Helse Vest sin side.

Helse Vest RHF følgjer og utviklinga i pakkeforløpa for kreft tett opp i tida framover både i verksemdrapporteringa til styret, og i oppfølgingsmøta med helseføretaka.

### **Prioriteringsregelen**


Målet for ventetider er oppfylt for TSB hittil i år, men ikkje innan psykisk helsevern. Innan PHV vaksne (VOP) er ein nærmare målet enn innan BUP.

Det har samla sett vore ein nedgang i den polikliniske aktiviteten hittil i år for alle fagområda, med unntak for tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB). Den relative nedgangen er størst

innan somatikk og psykisk helsevern for vaksne (VOP). Samlege helseføretak har ein nedgang i talet polikliniske konsultasjonar innan somatikk hittil i år samanlikna med same periode i 2019. Innan BUP har Helse Fonna HF ein vekst på 3,2 %, medan Helse Bergen HF ligg om lag på same nivå som i 2019. Veksten innan TSB er på heile 8,1 %, og særleg Helse Stavanger HF har ein stor aktivitetsvekst.

## Aktivitet

Koronautbrotet resulterte i ein nedgang i den somatiske aktiviteten i perioden mars til mai både innan døgnbehandling, dagbehandling og den polikliniske aktiviteten. Utslaga er størst i april, medan det er ein auke i aktiviteten frå juni i tråd med føringar frå eigar om å ta opp igjen ordinær aktivitet. Figuren under viser utviklinga i tal opphold og polikliniske konsultasjonar per månad i 2019 og 2020.



## Somatikk

Hittil i år er den samla aktiviteten (døgn, dag og poliklinikk) 6,1 % lågare enn til same tid i fjor. Ser ein på aktiviteten per fagområde så er nedgangen -9,6 % for døgnopphald, -13,0 % for dagopphald og -5,3 % for polikliniske konsultasjonar. Bruken av telefon- og videokonsultasjonar har bidrege til at nedgangen er mindre på poliklinikkane. I august var den polikliniske aktiviteten på same nivå som i 2019, mens den var marginalt lågare for dagbehandling og nær 7 % lågare for døgnopphald. Ei dreiling frå døgn, til dagopphald og poliklinikk er ei ønska utvikling.

### *Psykisk helsevern*

Innan psykisk helsevern for vaksne er aktivitetsnivået hittil i år 3,4 % lågare for døgnbehandling, og -5,5 % lågare på poliklinikk. I august var aktivitetsnivået lågare enn til same tid i 2019.

Innan psykisk helsevern for barn og unge er behandlinga i all hovudsak poliklinisk. Hittil i år er aktivitetsnivået -1,8 % lågare enn førre år. I august isolert var aktiviteten 3,9 % høgare enn i 2019.

### *TSB*

Hittil i år er den polikliniske aktiviteten innan TSB 8,1 % høgare enn i same periode i fjor. Og når det gjel døgnbehandling er aktiviteten høgare, men dette heng i stor grad saman med verksemどoverdraging av Bergensklinikken på slutten av 2019.

### **Sjukefråvær**

Per august 2020 var det samla sjukefråværet for føretaksgruppa Helse Vest på 7,47 %. Det sjukemeldte fråværet for august 2020 var på 5,92 %. Av samla sjukefråvær utgjer koronarelatert fråvær 0,11 %. Det vil sei at samla sjukefråvær for føretaksgruppa utan koronarelatert fråvær er på 6,12 %. Dette er 0,86 % lågare enn august 2019. Talet på medarbeidarar i karantene eller anna koronarelatert fråvær har vore lågt gjennom sommaren. Dette er ein tendens som er i endring der ein har lokal smitteoppblomstring.

### **HMS/kvalitet**

Vald og truslar mot tilsette hittil i år per juli 2020 er totalt 1 349 dette er 19 fleire enn i same periode i 2019. Hittil per juli 2020 er det meldt inn 158 truslar om drap, medan det var 132 i same periode i 2019. Truslar om vald hittil per juli 2020 er 268, medan det var 260 truslar om vald i same periode 2019. Truslar om drap og truslar om vald har auka og det er usikkert kva årsaka er.

«Uønska hendingar – pasientar samla» har gått opp med 2 499 tilfelle samanlikna med same periode 2019. Tal forbettingsområde hittil per juli 2020 er 1 444. Dette er 4 341 færre tilfelle samanlikna med same periode i 2019.

**OBS** – Det er gjort endringar i oppsettet i Synergi som i tråd med føresetnadane har medført ein solid auke i uønska hendingar. Tal forbettingsområde har gått kraftig ned samanlikna med 2019, fordi endringane i oppsettet har redusert registrering av avvik som forbettingsforslag. Dette var også i tråd med føresetnadane. Vi trur alt for mange forbettingsforslag tidlegare år

har vore reelle avvik. Endringane blei sett i verk per 1. januar 2020. Totalt meldte hendingar per juni 2020 utgjer 0,91 hending per netto månadsverk.

## Økonomi

Det samla resultatet for føretaksgruppa akkumulert per august er kr 150 mill. Dette er kr 272 mill. lågare enn budsjett, og ber preg av den pågående pandemien. I august månad var det samla resultatet kr 59 mill., noko som gav eit positivt budsjettavvik på kr 16 mill.

I føretaksmøtet med Helse – og omsorgsdepartementet i juni blei det formidla at regjeringa vil følgje utviklinga i utgifter og inntekter til dei regionale helseføretaka nøyne, og vil ved behov komme tilbake til Stortinget med bevilningsforslag. Vidare blei det informert om at dei regionale helseføretaka kan leggje til grunn at det vil bli gitt kompensasjon for tap av aktivitetsbaserte inntekter til og med mai månad. Frå og med juni er det føresett at helseføretaka er på veg tilbake til ei normal drift. Det er ikkje kome nokon avgjerd kring dette per dags dato, og føretaka i Helse Vest har difor heller ikkje inntektsført kompensasjon for tap av aktivitetsbasert inntekt i regnskapet.

For å gi eit betre bilet på korleis kompensasjon for tap av aktivitetsbaserte inntekter anslagsvis kan ha på føretaksgruppa sitt resultat, har ein tatt utgangspunkt i budsjettavvik på sum ISF inntekter, polikliniske inntekter og eigenandelar. Per mai utgjer dette eit negativt avvik på anslagsvis kr 436 mill. Dette er ikkje presist, men gir likevel eit bilet av effektane knytt til bortfall av aktivitetsbaserte inntektar samanlikna med budsjett. Ser ein dette beløpet opp mot det negative budsjettavviket akkumulert per august på kr 272 mill., vil budsjettavviket akkumulert per august ligge på eit positivt avvik på omlag kr 164 mill. dersom bortfall av aktivitetsbaserte inntekter blir kompensert. Ein legg difor førebels til grunn at årsresultatet for føretaksgruppa for året 2020 vil bli på normalt nivå.

Ved Stortinget si behandling av Revidert nasjonalbudsjett blei det gitt ytterlegare auke i basisramma jfr. styresak 08120, og for Helse Vest utgjorde dette ei auke på vel 113 mill. kroner. Denne auka i basisramma er førebels ikkje fordelt til HF-a grunna usikkerheit i utviklinga på både kostnad og inntekter som følgje av Covid-19. Disponeringa av desse midlane vil bli vurdert ved ein seinare anledning når ein har sett korleis pandemien utvikler seg ut over hausten og vi har fått nærmare avklaring i forhold til staten sin vidare handtering av økonomisk konsekvens av Covid-19.

Auka i basisramma til helseføretaka er rekneskapsført, men føringa er gjort noko ulikt for kvart føretak. Dette er og ei problemstilling hos dei andre regionale helseføretaka. Det pågår difor eit arbeid med å få etablert ein felles praksis på tvers av dei regionale helseføretaka. Ein

tar difor sikte på å vidareføre ein tilsvarende felles praksis i Helse Vest for å sikre felles prinsipp for resultatmåling.

Basert på rapporteringa frå helseføretaka utgjer den estimerte effekten av Covid-19 pandemien omlag kr 689 mill. per august. Det er i dette talet ikke tatt omsyn til tildelinga i revidert nasjonalbudsjett, slik at dette er estimert effekt av Covid-19 isolert sett. Om lag kr. 504 mill. av dette kjem av reduserte aktivitetsbaserte inntekter per august. Dette er førebels usikre anslag som det må bli arbeidd vidare med for å kvalitetssikre tala samt å sikre felles prinsipp for vurdering av dei økonomiske konsekvensane.

Det er stor usikkerheit i korleis pandemien vil utvikle seg utover hausten og kva konsekvensane vil bli for økonomien framover. Det er risiko både for auka kostnadene og reduserte aktivitetsbaserte inntekter i føretaka som til dømes får fleire pasientar enn andre som følgje av lokale smitteutbrot. Effektane kan difor bli svært ulike for dei ulike helseføretaka.

Dersom situasjonen ikkje eskalerer seg vesentleg ut over nivået i august, er det grunn til å tru at resultatet samla sett for året vil ligge ann til eit normalnivå på mellom 6 til 700 mill. kroner.

### **3. Administrerande direktør si vurdering**

Resultatet på helsefaglege indikatorar og økonomi er framleis prega av Covid-19 ved utgangen av august.

Aktiviteten for de ulike tenesteområda er på tilsvarende nivå som i fjor, med unnatak for dagopphald PH samt TSB som har høgare aktivitet enn tilsvarende periode i fjor. Det har vore ein positiv endring gjennom sommaren, men i august har aktiviteten i stort vore noko lågare.

Utviklinga i ventetider, fristbrot og prioriteringsregelen viser i august negative tal jamfört med måltala. Unntaket her er ventetider for TSB som i august isolert ligg over måltalet, men hittil i år på måltalet.

Utviklinga innan pakkeforløp for kreft har vore positiv gjennom 2020, og viser i august ein måloppnåing på 78% for indikatoren som viser tid frå tilvising mottatt til start behandling. Dette var i tråd med krava.

Resultatet for august månad viser eit positivt avvik i forhold til budsjett. Aukkumulert per august er det eit negativt avvik. Når ein korrigerar dette avviket for svikt i aktivitetsbaserte inntekter har føretaksgruppa samla sett eit positivt avvik mot budsjett.

Vedlegg:

1. Talgrunnlag og analysar